



MØTEBOK 19.02.2025

Tidspunkt: Onsdag 19.02.25 – kl 18:00

Stad: Banken

Desse møtte: Tor Helge Haara Tjemsland, Arve Hagen (vara for Nils Vetle Medhus)
Anita Rabba, Anna Seim

Forfall: Andre Botnen, Nils Vetle Medhus

Andre til stades på møte: Eirik V. Dørheim (sekretær)

Saker til styremøte:

Sak 01/25: Meldingssaker

Sak 02/25: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Sak 03/25: Godkjenning Rekneskapen 2024

Sak 04/25: Godkjenning Årsmelding 2024

Sak 05/25: Regulering av prisar for 2025

Sak 06/25: Budsjett 2025

Sak 07/25: Status hytter, stølar og båtar – planlegge vinter og vår

Sak 08/25: Utleige av beiter og stølar

Sak 09/25: Møteplan 2025

Sak 10/25: Fiskekultivering

Sak 11/25: Høringssvar – villreinkvote Hardangervidda høsten 2025

Sak 12/25: Forvaltning av jakt- og fiskerettigheitene på Breifonn Statsallmenning

Sak 13/25: Val av kasserar

Sak 14/25: Avskyttingsplan Setesdal vesthei - Ryfylkeheiane villreinområde.

Sak 01/25: Meldingssaker

Saksutgreiing:

Postliste:

2024.10.19-41.-THHT-Mailkorrespondanse ang. innspill arbeid ny forvaltningsplan Hardangervidda
2024.10.22 - 41. Innspel til oppstart - ny forvaltningsplan for verneområda på Hardangervidda - Røldal fjellstyre
2024.10.22 - 37. Røldal fjellstyre - Høyringsuttale Vilkårsrevisjon og O_ U RSK - LYSE Kraft
2024.10.23-441.-Sveinar Kildal-Båtvrak erfaringsamling for fjellstyrene på Teams
2024.10.29-37.-Røldal fjellstyre- Vedr. høring Røldal Suldal vilkårsrevisjon + søknad om 5 nye kraftverk - Statskog sin uttalelse
2024.30.10 - 43. Svar til Jan Y Kristiansen - søknad motorferdsel
2024.10.30-37.-Røldal fjellstyre- Søknad om utsett høyringsfrist - RSK anlegga
2024.10.31-612.3-Villreinutvalet-Invitasjon høstmøte Hardangervidda 2024
2024.11.6.- Møtebok 29.10.2024- Øvre Numedal fjellstyre
2024.11.12-012.1 Røldal fjellstyre - Møtebok Røldal fjellstyre 22.10.24
2024.11.25-046.9-Vidar Lund-Standplass på Røldalsmarknaden 2025.
2024.11.26-37. NVE-Høyring av søknad om løyve til midlertidig fråvik frå manøvreringsreglement Kjelavassdraget
2024.12.03-612.3-Villreinutvalet-Presentasjoner høstmøtet HV 2024
2024.12.03-120.-Ullensvang fjellstyre-Fordeling husleige og arkiv mellom Ullensvang og Røldal 2024
2024.12.12-145.4-Statskog-Verdiskaping med Statskog endrede rutiner for sluttrapportering
2024.12.13-612.3-Villreinutvalet-Ang. merking fra helikopter på Hardangervidda
2024.12.19-145.9-Røldal fjellstyre - Oppmoding om sluttutbetaling frå Ullensvang kommune friluftshovudstaden
2024.12.19-145.4 - Røldal fjellstyre -Oppmoding om sluttutbetaling frå Grunneigarfondet Modernisering av fjellstyrehyttene
2024.12.19-145.4-Røldal fjellstyre-Oppmoding om sluttutbetaling frå Grunneigarfondet fiskestimulerinde tiltak
2024.12.19-145.3-Røldal fjellstyre-Oppmodning om utbetlaing av midlar, rekrutteringstiltak NFS
2024.12.19-145.4-Statskog-Utbetaling av tilsagn
2024.12.20-612.0-Ullensvang kommune-Invitasjon til fagkveld for valdansvarlege
2024.12.30-20.-S.Nordermoen - Sommerjobb-praksisplass
2025.01.02-123.-FH- Fakturagrunnlag 2024
2025.01.03-046.9-Vidar Lund-Motatt søknadsskjema utstillarar Røldalsmarknaden
2025.01.03-43.-TUV-Løyve til transport med snøskuter til fjellstyrehyttene Gamlebue, Eriksbu og Ninive samt fjellstyrebåtar
2025.01.10-612.1-Røldal fjellstyre- Oversikt akkumulerte poeng - Jaktkortsøknad SE146-6 (Syd) Innanbygds
2025.01.12-37 Røldal fjellstyre-Høyringsinnspel til søknad om dispensasjon frå konsesjonskrava i Kjelavassdraget
2025.01.15-642.1-Ullensvang fjellstyre-Fordeling av omsetnad av fellesfiskekortet 2024

<i>2025.01.16-145.4-Statskog-Sluttutbetaling for gjennomført arbeid i forbindelse med fiskeforbedringstiltak</i>
<i>2025.01.17-145.4-Statskog-Verdiskaping med Statskog 2025</i>
<i>2025.01.22-612.0-Ullensvang kommune-Angående fagkveld valdansvarlege</i>
<i>2025.01.25-37.-Statkraft-Indeksregulering av årleg erstatning til eigedom GNR 1 BNR 1 i Ullensvang kommune</i>
<i>2025.01.31-612.3-Villreinutvalet-Årsmøte og vårmøte Hardangervidda</i>
<i>2025.02.03-612.3-Villreinutvalet-Høring kvoteforslag 2025</i>
<i>2025.02.03-612.3-Villreinutvalet-Oppfordring fredningssoner Hardangervidda</i>
<i>2025.02.03-37-NVE-Tillatelse til midlertidig fravik fra manøvreringsreglement for Ståvatn og Kjelavatn</i>
<i>2025.02.03.612.2-Hjorteviltregisteret-Kvittering for innlevert fellingsrapport</i>
<i>2025.02.04-335.1-J. Haslemo-Svar leige av beite på Røldal statsallmenning 2025</i>
<i>2025.02.06-37.-NVE-Kommentarer til høyringsuttale-Midlertidig fravik Kjela kraftverk (sak 202420449)</i>
<i>2025.02.07-37-Statkraft-Åtvaring om usikker is Ståvatn og Kjelavatn 2025</i>
<i>2025.02.09-651.1-THHT-Prøvefiske rapport - Høsingvatnet 2024</i>
<i>2025.02.09-651.1-THHT-Prøvefiskerapport - Nedre Longevotna 2024</i>
<i>2025.09.02-111.-THHT-Budsjett Røldal fjellstyre 2025</i>

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Gjennomgang av postlista ved leiar.

Leiar hadde motteke eit skriftleg brev (Statkraft – om indeksregulering av erstatningar Ståvatn m.fl.) som ikkje vart skanna og vidaresendt før etter at sakspapira var klar. Leiar bad om at dette vart inkludert i postlista. Styret støtta dette.

Vedtak (sak 01/25):

Styret tek postlista til vitande.

Sak 02/25: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing:

- Det kom melding om skade på takplater på aggregathuset på Midtfjellsvodlen. Etter avtale med leigetakar, fekk fjellstyret snikker til å utbetre dette.
- Fått tilbakemelding frå beiteleigar om dårleg vegstandar frå Ulevåbotn til Nupshadlene. Vegvesenet bør anten stenge vegen, eller vøle den.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyre tek orienteringa til vitande.

Referat:

Gjennomgang av hendingar sidan førre møte ved leiar. Nokre fleire takplater må truleg byttast på Midtfjellsvodlen. Dette meiner ein kan vente til sommaren. Leiar har avtala med snikker at rekning for det utførte arbeidet vert sendt til fjellstyret.

Vedtak (sak 02/25):

Fjellstyre tek orienteringa til vitande.

Sekretær kontaktar Statens vegvesen angående tilstanden på gamlevegen frå Ulevåbotn til Nupshadlene, med innspel om at vegen bør stengast, eventuelt vølast.

Samrøystes.

Sak 03/25: Godkjenning Rekneskapen 2024

Saksdokument:

Rekneskap 2024 for Røldal fjellstyre

Saksutgreiing (THHT):

Sakshandsamar gjer merksam på at rekneskapen for 2024 ikkje treng godkjennast av revisor. Dette er nytt, og kjem av ei regelendring i 2023.

Rekneskapen er ikkje ferdigstilt, og vert ettersendt før møtet.

Rekneskapen visar samla inntekter på kr 759 529. I tillegg kjem finansinntekter på kr 68 133. Dei samla utgiftene er ikkje klar når saka vert skrevet.

Samanlikna med budsjett er inntektene om lag 115 000 kr større enn budsjettert. Dette skuldast nok ein gang at me har motteke meir frå diverse fond og støtteordningar enn det me budsjetterte med.

I budsjettet for 2024, var det forventa å gå kr 367 000 i underskot. Ein del av utgiftene er «kamouflert», då desse vert aktivert. For å synleggjere alle utgiftene, aktiverte me ingenting i budsjettet. Dette forklarar noko av det store avviket mellom budsjett og rekneskap. I rekneskapen for 2024 aktiverer me utgifter for totalt kr 288 925. (Dette er til dømes kjøkken, samt snikker og solcelle til dass på Ninive, ytterdør og solcelle i Gamlabua, uthuset ved Eriksbu og tre nye båtar).

Inkluderer ein dei aktiverte utgiftene med dei som kjem fram i rekneskapen, får ein samla utgifter på kr 1 056 470, noko som er kr 2 740 mindre enn budsjettert. Dette er utan avskrivningar. Ein vil altså få noko større utgifter enn det ein hadde budsjettert med.

Ved start av året så hadde fjellstyret kr 2 138 370 på konto. Ved utgangen av året var det kr 1 824 849 på «bok». Dette er ein differanse på kr 313 521 kr. Det er også slik at det kjem inn diverse inntekter/gåver i starten av januar som tilhøyrrer året før. Og utgifter sjølvsagt. I år utgjør dette ein stor skeivheit. Netto overskot vert over 100 000 kr. «Grovt rekna» har me då altså eit underskot i 2024 på ca 200 000 kr. Godt under det me budsjetterte med.

Slike underskot er sjølvsagt ikkje noko me kan fortsetje med. Fjellstyret må byrje å sjå på kvar det er mogleg å spare inn i drifta. Det positive er at me no nærmar oss ferdige med renoveringa av fjellstyrehyttene våre i fjellet.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre godkjenner framlagde rekneskap for 2024.

Referat:

Gjennomgang av inntekter og utgifter for 2024 av leiar, samt forslag om oppsett for avskrivningar frå rekneskapsførar. Med dei «anbefalte» avskrivningane vil fjellstyret få eit diftsoverskot på om lag kr 10 958 i 2024.

Vedtak (sak 03/25):

Fjellstyre godkjenn framlagt rekneskap for 2024 og fylgjande oppsett for avskrivningar:

<i>Avskrivning</i>	<i>Prosent</i>	<i>Beløp</i>	<i>Avskrivning</i>	<i>Nytt beløp</i>
Nupshadlene	3	23238	697	22541
Ninive	3	135275	4058	131217
Gamlabua	3	170934	5128	165806
Eriksbu	3	275300	8259	267041
Ståvassvikja	3	18848	565	18283
Midtfjellsvodlen	3	38424	1153	37271
Ulevåbotn	3	23591	708	22883
Båtane	20	71260	14252	57008
Lavvoen	20	71663	14333	57330
		SAMLA:	49153	

Samrøystes.

Sak 04/25: Godkjenning Årsmelding 2024

Saksdokument:

2025.02.09-046.1-THHT- Årsmelding Røldal fjellstyre 2024

Saksutgreiing (THHT):

Visar til årsmeldinga for 2024 i sin heilheit.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre godkjenner framlagt årsmelding for 2025

Referat:

Gjennomgang av årsmeldinga. Leiar gjorde oppmerksom på at ein burde takke RSK/Lyse Kraft DA for lån av midlertidig båtoppbevaringsstad i samband med plastbåtprosjektet. Styret støtta dette.

Vedtak (04/25):

Fjellstyre godkjenner den framlagte årsmeldinga for 2025, med dei endringane som kjem fram av referatet.

Samrøystes.

Sak 05/25: Regulering av prisar for 2025

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Det er forskrift om jakt, felling, fangst og fiske som regulerar maksprisane på Statsallmenning. Ei ekstraordinær prisendring, gjer at Røldal FS må vurdere å endre pris på fiskekort og småviltjaktkorta. På reinsjakt ligg Røldal FS langt under prisrammene. Det må seiast at det er mange år sidan det har vorte seld reinskort enkeltvis, og at prisen nok difor ikkje er representativ.

Leiar vil tilrå å avvente fastsetjing pris på fellingsløyve på reinsdyr, til ein veit korleis reinsjakta vert i 2024.

Prisar for jakt, fiske og hytteleige Røldal Fjellstyre

Innanbygds		Utanbygds:	
Fiske med stong	Pris	Fiske med stong	Pris
Dagskort	110,-	Dagskort	110,-
3 dagars kort	290,-	3 dagars kort	290,-

Vekekort	390,-	Vekekort	390,-
Sesongkort	790,-	Sesongkort	790,-
Ungdomkort (mellom 16-20 år) – 75% rabatt			
Småviltjakt		Småviltjakt	
Dagskort	140,-	Dagskort	280,-
Vekekort	790,-	Vekekort	1580,-
Sesongkort	1000,-	Sesongkort	2000,-
75% rabatt på dagskort ungdomskort (16-20 år)	35,-		70,-
Opplæringsjeger (14-16 år) i følge med veileidar som har gyldig dags-/vekeskort	Gratis		Gratis
Villreinjakt		Villreinjakt	
Kalv	750,-	Kalv	1500,-
Simle/Ungdyr	1400,-	Simle/Ungdyr	2800,-
Bukk	1500,-	Bukk	3000,-
Fritt dyr	2200,-	Fritt dyr	4400,-
Hytteleige pr nått/person		Hytteleige pr nått/person	
Vaksen	100,-		200,-
Studentar (mellom 20-25 år)	50,-		100,-
Under 20 år	gratis		gratis
«Dugnadspris»	gratis		gratis
Leige oppbevaringsboks			
I Eriksbu og Gamlabua	250,-		n/a
Garnfiskekort – gjeld og stongfiske i same periode			
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds	250,-		n/a
Sesongkort garnfiske - Ungdomskort (mellom 0-20 år) – 75% rabatt	60,-		
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds – «dugnad»	50,-		n/a
Vekeskort garnfiske – Berre for innanbygds	150,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds	400,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds – «dugnad»	100,-		n/a
Døgnkort Votna	200,-		200,-
Leigeprisar for stølar			
Nupshadlene	31 000,-		
Midtfjellsvollen	21 500,-		
Ståvassvikja	18 100,-		
Ulevåbotn	n/a		

Døgnkort Votna: Fjellstyret sel to døgnkort pr døgn. I 2024 vart det seld 0 garnkort.

Generelt meiner sakshandsamar at det der rett å ligge på prisrammer på både småviltjakt og fiske med stong. Dette er i utgangspunktet svært rimeleg og ei ettertrakta vare som er lett å selje. Det vart nyleg vedtatt nye satsar i forskrifta, og fjellstyret kan dermed justert sine prisar opp i samsvar med desse.

Unntaket er sesongkort for småviltjakt. Underteikna føreslår å halde prisen på dette ein del lågare enn prisramma.

For villreinjakta sin del så er ikkje prisramma i nærleiken av det ein kan ta for jakta på Hardangervidda. Røldal FS har nok mest sannsynleg dei rimelegaste reinskorta på SA på Hardagervidda i dag. Underteikna meiner fjellstyret også framover må tilby jegerane billige fellingsløyver på rein

Sakshandsamar meiner fjellstyret må strekke seg langt for å stimulere til auka rekruttering, og føreslår å vidareføre prisrabatten for ungdom og studentar.

Prøveordning med sal av døgncort på garnfiske i Votna til utanbygdsbuande resulterte i ingen selde kort i 2024. Sakshandsamar finn difor ingen argumenter for å ikkje vidareføre dette tilbodet i noverande form.

Underteikne foreslår å videreføra dugnadsporisane, om fjellstyret meiner at dette har fungert tilfredstillande.

Fjellstyret vedtok i fjor å innføre vekeskort på garnfiskekort for innanbygdsbuande. Desse fiskekorta vart aldri gjort tilgjengeleg på Inatur.

Beiteleiga:

- Beitet i Ståvassvikja er avtalt utleigd for kr 18 100 i 2025.
- Beitet i Nupshadlene er utleigd 1 år til i samsvar med gamal leigekontrakt. Leigebeløpet er avtalt til kr 31 000 i 2025.
- Beitet til Midtfjellsvodlen er utleigd 1 år til i samsvar med gamal leigekontrakt. Leigebeløpet er avtalt til kr 21 500 i 2025.
- Beitet i Ulevåbotn er utleigd som ein del av Nupshadlene. Stølshusa er utleigd på 10 årskontrakt. Leigebeløpet er kr 3500. (Skal indeksjusterast i 2029.)

Framlegg til vedtak:

Forslag til prisar på Røldal SA i 2025:

Prisar for jakt, fiske og hytteleige Røldal Fjellstyre

Innanbygds		Utanbygds:	
Fiske med stong	Pris	Fiske med stong	Pris
Dagskort	130,-	Dagskort	130,-
3 dagars kort	330,-	3 dagars kort	330,-
Vekekort	460,-	Vekekort	460,-
Sesongkort	930,-	Sesongkort	930,-
Ungdomkort (mellom 16-20 år) – 75% rabatt			
Småviltjakt		Småviltjakt	
Dagskort	165,-	Dagskort	330,-

Vekekort	930,-	Vekekort	1860,-
Sesongkort	1300,-	Sesongkort	2600,-
75% rabatt på dagskort ungdomskort (16-20 år)	45,-		90,-
Opplæringsjeger (14-16 år) i følge med veileder som har gyldig dags-/vekeskort	Gratis		Gratis
Villreinjakt		Villreinjakt	
Kalv	700,-	Kalv	1400,-
Simle/Ungdyr	1500,-	Simle/Ungdyr	3000,-
Bukk	1500,-	Bukk	3000,-
Fritt dyr	2000,-	Fritt dyr	4000,-
Hytteleige pr nått/person		Hytteleige pr nått/person	
Vaksen	100,-		200,-
Studentar (mellom 20-25 år)	50,-		100,-
Under 20 år	gratis		gratis
«Dugnadspris»	gratis		gratis
Leige oppbevaringsboks			
I Eriksbu og Gamlabua	250,-		n/a
Oppbevaringsboksar 3 år	600,-		n/a
Garnfiskekort – gjeld og stongfiske i same periode			
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds	300,-		n/a
Sesongkort garnfiske - Ungdomskort (mellom 0-20 år) – 75% rabatt	75,-		
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds – «dugnad»	50,-		n/a
Vekeskort garnfiske – Berre for innanbygds	150,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds	450,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds – «dugnad»	100,-		n/a
Døgnkort Votna	250,-		250,-
Leigepisar for stølar			
Nupshadlene	31 000,-		
Midtfjellsvollen	21 500,-		
Ståvassvikja	18 100,-		
Ulevåbotn	3 500,-		

Referat:

- Leiar gjekk gjennom dagens prisar og forslaget til nye prisar.
- Forslag frå leiar om å vente med prisane for villreinjakta til kvota er bestemt.
- Forslag frå leiar om å tilby leige av oppbevaringsboks til kr 600,- for 3 år (markert med gult)

Vedtak (sak 05/25):

- Fjellstyret avventar vedtak om prisar for villreinjakt til etter kvoten er vedtatt.
- Prisar på Røldal SA i 2025 vert som visst i tabell under:

Prisar for jakt, fiske og hytteleige Røldal Fjellstyre

Innanbygds		Utanbygds:	
Fiske med stong	Pris	Fiske med stong	Pris
Dagskort	130,-	Dagskort	130,-
3 dagars kort	330,-	3 dagars kort	330,-
Vekekort	460,-	Vekekort	460,-
Sesongkort	930,-	Sesongkort	930,-
Ungdomkort (mellom 16-20 år) – 75% rabatt			
Småviltjakt		Småviltjakt	
Dagskort	165,-	Dagskort	330,-
Vekekort	930,-	Vekekort	1860,-
Sesongkort	1300,-	Sesongkort	2600,-
75% rabatt på dagskort ungdomskort (16-20 år)	45,-		90,-
Opplæringsjeger (14-16 år) i følgje med veileidar som har gyldig dags-/vekeskort	Gratis		Gratis
Villreinjakt		Villreinjakt	
Kalv	700,-	- Kalv	1400,-
Simle/Ungdyr	1500,-	- Simle/Ungdyr	3000,-
Bukk	1500,-	- Bukk	3000,-
Fritt dyr	2000,-	- Fritt dyr	4000,-
Hyttleige pr nått/person		Hyttleige pr nått/person	
Vaksen	100,-		200,-
Studentar (mellom 20-25 år)	50,-		100,-
Under 20 år	gratis		gratis
«Dugnadspis»	gratis		gratis
Leige oppbevaringsboks			
I Eriksbu og Gamlabua	250,-		n/a
Oppbevaringsboksar 3 år	600,-		n/a
Garnfiskekort – gjeld og stongfiske i same periode			
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds	300,-		n/a
Sesongkort garnfiske - Ungdomskort (mellom 0-20 år) – 75% rabatt	75,-		
Sesongkort garnfiske - Berre for innanbygds – «dugnad»	50,-		n/a
Vekeskort garnfiske – Berre for innanbygds	150,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds	450,-		n/a
Familiesesongkort garnfiske – Berre for innanbygds – «dugnad»	100,-		n/a

Døgnkort Votna	250,-		250,-
Leigeprisar for stølar			
Nupshadlene	31 000,-		
Midtfjellsvollen	21 500,-		
Ståvassvikja	18 100,-		
Ulevåbotn	3 500,-		

Samrøystes.

Sak 06/25: Budsjett 2025

Saksdokument:

2025.09.02-111.-THHT-Budsjett Røldal fjellstyre 2025

Saksutgreiing(THHT):

Forslaget til budsjett er lagt fram med fylgjande føresetnader:

- Tenestekjøp frå FHas som vedtatt i sak 43/24.
- Inntekter frå småviltjakt halvert sidan «toppåret» 2022.
- Inntekter frå reinsdyrkort tilsvarande som for 2024.
- Andre inntekter på same nivå, eller noko mindre, samanlikna med 2024. Budsjetterer til dømes ikkje med økonomisk støtte.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Gjennomgang av oppsett budsjett av leiar.

Følgande endringar i budsjettet vart framlagt:

- Inntekter på småviltjakt endra til kr 80 000,-
- Avskrivningar sett til kr 50 000,-

Vedtak (sak 06/25):

Fjellstyre godkjenner budsjettet med dei endringane som framkjem i referatet.

Samrøystes.

Sak 07/25: Status hytter, stølar og båtar – planlegge vinter og vår

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Fjellstyret må bli einige om kva, eller om, ein skal gjere noko av betydning på hyttene i vinter. Det må også planleggast om ein ynskjer å gjere noko til sommaren. Det er alltid ynskjeleg å få transportert inn ting på med snøscooter, og ikkje helikopter.

Me veit at solcelleanlegga må vølast. Det er også snikkeringsarbeid i både uthuset ved Ninive og Eriksbu. Truleg kan ein køyre heim ein del også frå Ninive.

Så må ein køyre inn ved.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Fjellstyre diskuterte kva som skulle gjerast på hyttene og kva som skal transporterast inn til vinteren.

På Ninive må ein rydde i uthuset. Det er einigheit om å høyre med snikker om å fullføre eventuelt snikkeringsarbeid i uthuset. Leiar får fullmakt til å avtale dette. Ein kjøper inn ei til IKEA-hylle og heng opp i stova.

I Gamlabua må ein snikkere ein kasse, eller i alle fall ei hylle, slik at ein får beskytta dei nye solcellebatteria.

Ved Eriksbu bør ein planlegge for å utbetre toalettfasilitetene.

Elektrikkararbeid: Dei to nyinnkjøpte solcelleanlegga må monterast opp i uthusa ved Gamlabua og Ninive. Ein kjøper også inn leselys til å ha over sengene i Eriksbu. Steikeomnen på Ninive bør få stikkontakt.

Forslag frå leiar om å høyre om nokon ynskjer å utføre noko på dugnad, samt å høyre med Andre angående transport av ved inn i Valldalen.

Vedtak (sak 07/25):

Leiar får fullmakt til å organisere dugnadsarbeid o.l. som det framkjem i referatet.

Samrøystes.

Sak 08/25: Utleige av beiter og stølar

Saksdokument:

- 2014.02.10-035.2-Røldal fjellstyre-Leigekontrakt Midtfjellsvollen 10 årig
- 2024.10.18 - 035.2 - Leige Midtfjellsvollen - J. A. Markhus

Saksutgreiing:

I løpet av våren må Røldal fjellstyre ta ei avgjersle på korleis ein ynskjer å leige ut beiter og stølar i åra framover.

Ut frå historikken i saken, så er det truleg at fjellstyret må revidere beiterreglane, og grensene for beitefelt, før ein kan byrje å inngå avtalar om beiteutleige. Etter eit grundig arbeid av førre fjellstyre, vart det vedtatt beiterreglar, og beitefelt, i sak 37/23. Dessverre vart det tydeleg i etterkant at svært få av høyringspartane deltok i høyringa. Av diverse årsaker.

Ein bør også sjå på utbetringane, og fornying, av geitestølane i denne samanheng. Fjellstyret må sjå på tilbakmeldingane frå geitebøndene, og vurdere korleis ein skal forhalde seg til deira ynskjer og tilbakemeldingar. Det har vore fjellstyret sitt ynskje og arbeide for at tradisjonen med geitestølar, og ysting på stølen, skal halde fram. Dette er også forankra etter diskusjon i allmannamøte i bygda for nokon år sidan. Fjellstyret må ta stilling til om ein vil halde på dette, og kva fjellstyret si rolle i dette eventuelt skal vere.

Dagsaktuelt:

Det vart i sommar utfordringar med vatnet på Midtfjellsvodlen. Dette skuldast pumpa, og enda med at denne, samt ledningane måtte byttast. Vart utført av Edland Brønnboring AS. Kostnaden vart om lag kr 27 000 inkl. mva. Fjellstyret må ta stilling om dette er ein kostnad fjellstyre skal vere med å bere. (Ein må sjå dette i ljøs av dei gamle kontraktane.)

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Fjellstyre diskuterte kostnadsfordelinga for utgiftene på Midtfjellsvodlen. Det vart foreslått kr 6000 ,- pluss kostnadan til snikker (sak 02/25). Dette beløpet vert trekt frå beiteleiga i 2025. Fjellstyret må få tilsendt kopi av kvitteringa som vedlegg til rekneskapet sin.

Leiar gjekk gjennom saka om beite på statsallmenningen. Det er planlagt å ha eit møte med grunneigarlaget. Fjellstyret kjem ikkje vidare i saka før dette er gjennomført.

Det vart orientert rundt arbeidet med å få straum til stølane på Haukeli, og eventuelle tilskot ein kan få til dette.

Vedtak (sak 08/25):

Leigetakar ved Midtfjellsvodlen får redusert leigesummen sin med kr 6000 i 2025, for å dekke ekstraordinære vedlikehaldsutgifter.

Samrøystes.

Sak 09/25: Møteplan 2025

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing(THHT):

Sakshandsamar ynskjer å kome fram til ein møteplan for 2025. Under er eit forslag. Datoane er veiledane...

Møteplan Røldal Fjellstyre 2025	
Møtedato	Førebels saker til møtet
Onsdag 19.02	Godkjenne rekneskap, planlegging vintersesong
Tysdag 25.03	Høyring villreinutvalet villreinjakt, Planlegging reinsjakt/småviltjakt, orienteringar, status stølar og hytter
Tysdag 20.05	Diverse før sommaren, Røldalsmarknaden
Tysdag 21.10	Oppsummering sommarsesong + forhåpentlegvis reinsjakt....
evt telefonmøte	dersom det vert naudsynt med justeringsvedtak ifbm t.d. rjupejakt/reinsjakt kan dette takast på telefonmøte

I tillegg:

- Kortutdeling. Underteikna føreslår å gjennomføre dette ifbm Røldalsmarknaden. Skal ein vidareføre tradisjonen med stand på marknaden, så må alle styrerepresentantar ta ein halv dag i lavvoen i løpet av marknaden.
- Underteikna kunne tenkt seg at det nye fjellstyret òg gjennomførte eit allmannamøte... skal me planlegge for det i år?
- Det vert årleg gjennomført eit vår- og haust møte i regi av villreinutvalet. Vår møtet vert i år 29.mars på Hotell Ullensvang. Kven vil reise?

Underteikna er noko skeptisk til kva konsekvensar det vil få om me «berre» har fire fjellstyremøter i året. Det er likevel ikkje noko poeng i å planleggje for fleire om ein ikkje har behov for det. Anbefaler difor at me forsøkjer oss på fire møter, men heller held moglegheitane opne for ekstramøte om det er naudsynt.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Forslaget til møteplanen vart diskutert. Det kom ingen endringsforslag. Ein diskuterte vårmøtet, som denne gang er på Lofthus. Fjellstyret var einige om å tilby alle fjellstyremedlemmene å delta, f.o.m. årsmøtet i villreinutvalet fredag kveld.

Vedtak (sak 09/25):

Fjellstyre vedtek ein førebels møteplanen for 2025, som vist til i saksutgreiinga. Fjellstyret tilbyr alle medlemmene å delta på vårmøtet i 2025.

Samrøystes.

Sak 10/25: Fiskekultivering**Saksdokument:**

2025.02.09-651.1-THHT-Prøvefiskerapport - Nedre Longevotna 2024

2025.02.09-651.1-THHT-Prøvefiske rapport - Høsingvatnet 2024

2022.06.13 Driftsplan for fiske Røldal statsallmenning

Saksutgreiing (THHT):

Fjellstyret gjennomførte to prøvefisker i 2024. Sjølv om i alle fall kan kritisere kvaliteten på minst eit av dei, meiner likevel underteikna at dei er gode nok til vårt bruk. Rapportane visar at det har vore naturleg rekruttering i Høsingvatnet. Ein finn ikkje bevis for at dette har skjedd i Nedre Longevotna dei siste 10 åra.

Fjellstyret har planlagt å setje ut fisk sommaren 2025. Kunnskapsgrunnlaget vårt byrjar no å verte relativt bra. Det vil difor vere forsvarleg å setje ut fisk, i tråd med vedtatt driftsplan.

Som ein konsekvens av at det har vore naturleg rekruttering i Høsingvatnet, meiner underteikna at ein må avvente fiskeutsetting nokon år, slik at ein får sjå om dette er eit eingangstilfelle.

I driftsplanen har ein bestemt seg for følgjande «utsettingsregime»:

Vatn	Areal (km ²)	Høgde (m.o.h.)	Elv/Vassdrag	Utsettingsregime	
				Interval (år)	Antal fisk
Holmavatnet	1,81	1204	Kvenna/Skienvassdraget	4	1200
Søre Steggjavotna	0,66	1389	Middalselva/Suldalsvassdraget	4	300
Nordre Steggjavotna	0,58	1388	Brokefoss/Suldalsvassdraget	4	300
Øvste Longevotna	0,78	1367	Borda/Skienvassdraget	4	300
Nedste Longevotna	0,86	1348	Borda/Skienvassdraget	4	400
Høsingvatnet	0,39	1313	Borda/Skienvassdraget	4	400
Vassdalsvatnet	0,40	1245	Songa/Skienvassdraget	4	400

Skurevatnet*	0,64	1288	Borda/Skienvassdraget	4	400
Tangensjøen**	0,40	1401	Songa/Skienvassdraget	4	300

* Avgjersle om fiskeutsetting vert utsett til ein har resultatet av prøvefiske

** Fjellstyret ynskjer å utsetje avgjersle om fiskeutsetting til ein ser utviklinga til noverande fiskestamme

Det er berre aktuelt å setje ut fisk i Skienvassdraget. Avtale må gjerast med Telemark Settefisk. Sidan driftsplanen vart laga, har fjellstyret auka kunnskapsgrunnlaget ytterlegare. Ein har no kjennskap til at det førekjem naturleg rekruttering i Skurevatnet i eit relativt stort omfang. Ein søkte dermed ikkje om løyve til å få setje ut fisk der. Samtidig meiner underteikna at ein ikkje god nok kunnskap til å ta stilling til om ein bør halde fram med fiskeutsetting i Vassdalsvatnet og Tangensjøen. Med bakgrunn i dette føreslår ein følgjande fiskeutsetting i 2025:

- Holmavatnet – 1200 stk
- Øvste Longevotna – 200 stk
- Nedsta Longevotna – 400 stk

Totalt 1800 fisk. Fjellstyret bør syte for at fisken er feittfinneklypt, slik at ein enklare kan ha kontroll på om det er setjefisk ein fangar.

Naturleg rekruttering, og overbefolka vatn, er eit problem på heile vidda. Røldal statsallmenning er ikkje like hardt ramma av dette, då våre vatn ligg noko høgare. Det er likevel eit stort behov for å auke fisket i dei vatna som er råka. Fjellstyret bør difor leggje godt til rette for at fiske i desse vatna aukar. Sakshandsamar føreslår difor at ein kjøper inn «rett type» fiskegarn og plasserer desse ved vatna. Ein bør også tenkje HMS. Sjølv om det er båtførar sitt ansvar å ha redningsvest på seg i båten, så veit ein det vert synda mot dette. Fjellstyret bør leggje ut plasttønner med redningsvest ved båtane sine.

Det er også eit paradoks at fjellstyret i løpet av dei siste 20 åra har brukt tid og pengar på å tilretteleggje for fiske midt inne på Hardangevidda. Røldal statsallmenning er meir tilgjengeleg enn dette. På Haukeli, i Ståvatnet, eller ved Kaldevatnet, er det gode fiskemoglegheitar. Men ingen tilrettelegging frå fjellstyret. Dette burde det vore. Underteikna foreslår difor at ein til å byrje med i det minste går til innkjøp av ein større robåt til kvar av desse vatna. (Fjellstyret driv til dømes å lånar båt av private, når ein har ærend i Ståvassvikja.)

Fjellstyret bør samle opp alle desse tiltaka, og søkje pengestøtte hjå relevante aktørar.

I fiskerapporten framkjem det også eit endringsforslag til fiskereglane. Ein bør opne får å kunne nytte finmaska garn i Høsingvatnet. I tillegg bør ein tilpasse fiskereglane slik at dei inkluderer Breifonn SA (sjå sak 12/25).

Fiskereglar for Røldal statsallmenning:

Generelle reglar:

1. *Alle over 16 år må løyse fiskekort. Ungdom under 16 år som vil fiske med garn må kjøpe sesongkort garnfiske - men får summen refundert ved å kontakte fjellstyret*
2. *Det er ikkje lov å nytte anna fiskereiskap enn handsnøre, stang, garn, oter eller liknande. Line og ståkrok er forbode. Bruk av garn og oter er eksklusivt for innanbygdsbuande.*

3. Det er forbode å flytte fisk frå eit vatn til eit anna. Fjellstyret gjer merksam på at det er påvist ørekyte i Ståvatnet og Votna.
4. Kort for stongfiske gjeld for Statskog sin eigedom ved Svandalsflona i tillegg til Røldal statsallmenning. Dette området er vist i det skraverete feltet på salssida på Inatur.
5. Alt fiske er tillate heile året.
6. Det er ikkje lovleg å sette garn nærare innfalls- eller utfallsos enn 50 meter. Garna må heller ikkje nyttast i elvar, bekker eller loner (tjørnliknande utvidingar av vassdrag).
7. Garna skal ha ei maskevidde som er større eller lik 35 mm (18 omfar) mellom knutane når garnet er vått, unnateke i vatn nemnd i spesielle reglar.
8. Det er tillate å fiske med inntil 5 garn, unnateke vatn nemnd i spesielle reglar.
9. Garna skal være tydeleg merka med eigaren sitt namn og adresse. Merka skal vere lett synlege. I dei tilfella at fjellstyret har lagt til rette for at brukarane kan nytte garn som er fjellstyrets eigedom, skal desse vere merka Røldal fjellstyre. Leigetakarar av stølar som har fått løyve til å fiske, skal merke garna med namnet på beitelaget eller stølen.
10. Unntak frå desse reglane vert fastsett i spesielle reglar.
11. Brot på dei generelle og spesielle reglane er straffbart.

Spesielle reglar:

1. I Stora Uravatnet, Ostanuttjødna, Purvatjødna, Votna, Ståvatnet, Ulevåvatnet, Skurevatnet og Øvre- og Nedre Hedlevatn gjeld ikkje reglane om maskevidde, garntal og osfreding. Fjellstyret oppmodar fiskarane til å i hovudsak sette småmaska garn (26mm/24 omfar eller mindre) i desse vatna.
2. I Vetla Uravatnet gjeld: Inntil 10 garn med fri maskevidde, og i tillegg 5 garn med maks maskevidde 26 mm
3. For grensevatna Stora Uravatnet, Holmavatnet, Tangasjøen og Vetla Uravatnet gjeld fiskekortet i heile vatnet. I Nedre Hedlevatn gjeld fiskekortet også på Berunuten Vest/Vinje kommune sin del av vatnet. I alle andre grensevatn gjeld fiskekortet berre på den delen av vatnet som ligg på Røldal statsallmenning.
4. For innanbygdsbuande som har løyst fiskekort for garnfiske, gjeld dette også for fiske med handsnøre, stang, oter eller liknande.
5. Garnfiskekort for utanbygds på Statskog sin eigedom i Votna: Fiskar kan nytte 5 garn pr. døgn. Det er fri maskevidde. Kortet gjeld også for stongfiske (i alle vatn og elvar på Røldal statsallmenning) og oter (i Votna, på same areal som er dekkja av fiskekortet) i tilsvarande tidsrom.

RØLDAL FJELLSTYRE

Vedtatte fiskereglar i styremøte 1.06.23 sak 23/23

Framlegg til vedtak:

- Fjellstyret sett ut 1800 fisk i 2025, slik som det framkjem i saksutgreiinga. Sekretær får ansvar for å bestille, og organisere fiskeutsettinga, i samarbeid med leiar.
- Fjellstyret kjøper inn 6 finmaska fiskegarn, slik at ein jamleg kan «kontrollfiske» vatna kor ein set ut fisk.
- Fjellstyret kjøper inn 10 fiskegarn i forskjellige maskevidder, og plasserer desse ved fiskevatna. Ein investerer også i redningsvestar. I tillegg til plasttønner til oppbevaring av redningsvestar og fiskegarn.
- Fjellstyret kjøper inn to større robåtar, til å ha i Kaldevatnet og Ståvatnet.

Fjellstyret gjer fylgjande endringar i fiskereglane:

Generelle reglar:

Punkt 4 vert endra til:

Kort for stongfiske gjeld for Statskog sin eigedom ved Svandalsflona, i tillegg til Røldal statsallmenning og den delen av Breifonn statsallmenning som ligg i Vestland fylke. Dette området er vist i det skraverte feltet på salssida på Inatur. Fjellstyret gjer merksam på at det ikkje er fisk i Breifonn statsallmenning.

Spesielle reglar:

Punkt 1 vert endra til:

I Stora Uravatnet, Ostanuttjødna, Purvatjødna, Votna, Ståvatnet, Ulevåvatnet, Skurevatnet, Høsingvatnet og Øvre- og Nedre Hedlevatn gjeld ikkje reglane om maskevidde, garntal og osfreding. Fjellstyret oppmodar fiskarane til å i hovudsak sette småmaska garn (26mm/24 omfar eller mindre) i desse vatna.

Referat:

Orientering rundt saksutgreiinga av leiar.

Ein reknar at kostnaden for å sette ut fisk i Holmavatnet, Øvste Longavatnet og Nedsta Longavatnet blir rundt kr 60 000,-. Av dette er det rekna 45 000,- for fisk og 15 000,- for helikopter.

Leiar foreslår å søke om midlar til dette frå ulike hold.

Vedtak (sak 10/25):

- Fjellstyret sett ut 1800 fisk i 2025, slik som det framkjem i saksutgreiinga. Sekretær får ansvar for å bestille, og organisere fiskeutsettinga, i samarbeid med leiar.
- Fjellstyret kjøper inn 6 finmaska fiskegarn
- Fjellstyret kjøper inn 10 fiskegarn i forskjellige maskevidder
- Fjellstyret kjøper inn nokre redningsvestar og plasttønner.
- Fjellstyret kjøper inn to større robåtar.

Fjellstyret gjer fylgjande endringar i fiskereglane:

Generelle reglar:

Punkt 4 vert endra til:

Kort for stongfiske gjeld for Statskog sin eigedom ved Svandalsflona, i tillegg til Røldal statsallmenning og den delen av Breifonn statsallmenning som ligg i Vestland fylke. Dette området er vist i det skraverte feltet på salssida på Inatur. Fjellstyret gjer merksam på at det ikkje er fisk i Breifonn statsallmenning.

Spesielle reglar:

Punkt 1 vert endra til:

I Stora Uravatnet, Ostanuttjødna, Purvatjødna, Votna, Ståvatnet, Ulevåvatnet, Skurevatnet, Høsingvatnet og Øvre- og Nedre Hedlevatn gjeld ikkje reglane om maskevidde, garntal og osfreding. Fjellstyret oppmodar fiskarane til å i hovudsak sette småmaska garn (26mm/24 omfar eller mindre) i desse vatna.

Samrøystes.

Sak 11/25: Høringssvar – villreinkvote Hardangervidda høsten 2025

Saksdokument:

2025.02.03-612.3-Villreirutvalet-Høring kvoteforslag 2025

Saksutgreiing (THHT):

Sakshandsamar føreslår fylgjande uttale til Villreinnemnda:

Høringssvar – villreinkvote Hardangervidda høsten 2025

1. Jeg støtter villreirutvalets forslag til kvote (antall kort og fordeling korttype): Ja X Nei

3. Dersom du ikke støtter utvalets forslag til kvote, angi ønsket kvote her:

Kvotestørrelse: _____ kort

%-fordeling korttype: ____ valgfritt dyr, ____ bukkekort, ____ antall SU og ____ kalv
(med bukkekort menes kort der det kun kan felles bukk 2,5 år og eldre)

4. Jeg støtter forslaget om jakttid i perioden 20/8 – 21/9: Ja X Nei

5. Dersom du ikke støtter forslag om jakttid, angi ønsket jakttid: _____

7. Jeg støtter forslaget om å gjøre gps-merkede dyr / www.dyreposisjoner.no tilgjengelig for jegerne med 3 døgn forsinkelse: Ja X Nei X

Kommentar:

GPS-merka dyr:

Røldal fjellstyre ber om at posisjonar for GPS-merka dyr ikkje vert tilgjengeleg før dag 3 i jakta. Då med 3 dagars forseinking. Posisjonane må ikkje vere tilgjengeleg for nokon etter at kalvinga nærmar seg. Innanfor Røldal Statsallmenning vil GPS-posisjonane vere svært avslørande på kvar dyra befinn seg. Sjølv med 14 dagars forseinking. Å «avsløre» kvar dyra er vil medføre at dyra ikkje får fred om sommaren. Å «avsløre» kvar dyra er tre dagar før jaktstart vil også øydelegge mykje for korleis den lokale jakttradisjonen, og jaktutøvinga, er. Dette har ein erfart dei siste to åra. Det er tydelege GPS-posisjonar som underbyggjer påstanden fjellstyret kjem med her. GPS-posisjonane fører til at reinsdyra vert oppsøkt på utilgjengelege stader. Alle GPS-merka individ

forlet «heimfjedla» i statsallmenninga før jakta byrjar. Flokkar som ikkje inneheld GPS-merka dyr vert verande.

Denne praksisen må no også Villreinutvalet ta avstand frå! GPS-posisjonane bør heller ikkje vere tilgjengelege for oppsynet, om ikkje dei får strengare krav til å halde tett om posisjonane.

Refusjon av utgifter til uttransportering av felte dyr:

Røldal fjellstyre oppmodar Villreinutvalet til å arbeide for å få tilbake att refusjonsordninga som var for uttransportering av felte dyr. Dette vil stimulere til høgare jaktuttak. Ein må sjølv sagt arbeide fram ei løysing som fungerer – og som ikkje medfører unødvendig flyving. Fjellstyret veit at det var enkelte utfordringar med dette førre gang. Desse utfordringane meiner me det må vere mogleg å fjerne!

Røldal fjellstyre oppmodar difor Villreinutvalet til å foreslå ei refusjonsordning som eit tiltak for å stimulere til høgare jaktuttak.

Framlegg til vedtak

Fjellstyre godkjenner uttale slik den framkjem i saksutgreiinga.

Referat:

Gjennomgang av saksutgreiinga ved leiar.

Vedtak (sak 11/25):

Fjellstyre godkjenner uttalen slik den framkjem i saksutgreiinga.

Samrøystes.

Sak 12/25: Forvaltning av jakt- og fiskerettighetene på Breifonn Statsallmenning

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing (EVD):

Forvaltninga av delen av Breifonn statsallmenning som ligg i Ullensvang vart i 2024 formelt tildelt Røldal fjellstyre. Per i dag er det ikkje nokon informasjon om denne statsallmenninga på Inatur eller fjellstyre si heimeside.

Dette er som kjent eit lite og avsides område, der det truleg ikkje er noko stor aktivitet mtp småviltjakt eller reinsjakt. Vatnet som er der er fisketommt.

Fjellstyre må likevel gjere eit vedtak på korleis ein skal gjere det med informasjon og kortsal for dette området.

Fiske vert ivaretatt i framlegg til vedtak i sak 10/25.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret lagar ikkje noko eige jaktkort eller fiskekort for Breifonn SA. Ein oppdaterer jakt- og fiskereglane, til å inkludere Breifonn SA.

Salsider, kart o.l. vert oppdatert tilsvarende. Det skal informerast tydeleg om at det ikkje er fisk på Breifonn SA.

Fjellstyre endrar punkt 1 i dagens jaktreglar for småvilt til:

Det opnast opp for rjupejakt/småviltjakt f.o.m. 1. oktober t.o.m. 28. februar innan for Røldal Statsallmenning, samt den delen av Breifonn Statsallmenning som ligg innanfor Vestland fylke. Jaktkorta vert lagt ut for sal på Inatur 01.06 kl. 09:00.

Referat:

Gjennomgang av saka slik den framkjem i saksutgreiinga.

Vedtak (sak 12/25):

Fjellstyret lagar ikkje noko eige jaktkort eller fiskekort for Breifonn SA. Ein oppdaterer jakt- og fiskereglane, til å inkludere Breifonn SA.

Salsider, kart o.l. vert oppdatert tilsvarende. Det skal informerast tydeleg om at det ikkje er fisk på Breifonn SA.

Fjellstyre endrar punkt 1 i dagens jaktreglar for småvilt til:

Det opnast opp for rjupejakt/småviltjakt f.o.m. 1. oktober t.o.m. 28. februar innan for Røldal Statsallmenning, samt den delen av Breifonn Statsallmenning som ligg innanfor Vestland fylke. Jaktkorta vert lagt ut for sal på Inatur 01.06 kl. 09:00.

Samrøystes.

Sak 13/25: Val av kasserar**Saksdokument:**

- Sak 18/24

Saksutgreiing (THHT):

I sak 18/24 vart Tor Helge vald til sekretær for 2024. Han hadde for dette ein kompensasjon på kr 8000. Ynskje har vore at dette var ei arbeidsoppgåve som skulle over til sekretær, primært for å avlasta underteikna. Det må gjerast ei vurdering av om dette vil vere hensiktsmessig, og om det vil vere ei god, og enkel, løysing.

Sjølve føringa av rekneskapan vert utført av Fonna Økonomi.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Fjellstyre er nógde med ordninga med slik den er nå, og ynskjer at leiar fortsett som kasserar ut denne fjellstyre-perioden. Leiar har ingenting imot å fortsetje som kasserar.

Vedtak (sak 13/25):

Leiar, Tor Helge Haara Tjemsland, vert vald til kasserar ut denne fjellstyreperioden, t.o.m. 2027.

Samrøystes med 3 stemmer. (Tjemsland ynskja å vere inhabil.)

Sak 14/25: Avskytningsplan Setesdal vesthei - Ryfylkeheiane villreinområde.**Saksdokument:**

2025.02.19-612.1-SRV villreinutval-Avskytningsplan_SRV_2025

Saksutgreiing:

Det er forventa at det er ca 1700 dyr i Setesdal-Ryfylke villreinområde. Bestandsplansmålet er å ha ei vinterstamme på 2200 dyr, kor 1200 skal vere i nord. Ein antar no at det er om lag 1049 dyr i nord og 651 dyr i sør.

Kvoten for 2025 vert foreslått å vere identisk som i 2024. Ein må sjå dette i ljós av CWD-situasjonen. Dette betyr ingen fellingsløyver i sydområdet. Ein ynskjer å felle 75 dyr i nord. Då ein antar felling på 15% av løyvene, vert det då delt ut 328 løyver. Dette gjev eit teljande areal på 6 km² per fellingsløyve.

Det er noko usikkert kva dette betyr for Røldal fjellstyre.

I 2024 (som hadde tilsvarende kvote) fekk ein på Røldal statsallmenning tildelt: 3 kalvar, 2 simler og 3 frie dyr. På Breifonn statsallmenning fekk fjellstyret tildelt 1 fritt dyr.

Mest truleg vil difor fjellstyret få tildelt 9 løyver også i 2025. Av desse må ein forvente at det er 3-4 fritt dyr løyver.

Underteikna vurderar innhaldet i "Avskytningsplan for Setesdal Ryfylke 2025" til å vere eit godt gjennomarbeida dokument, kor grunngjevinga for kvoteforslaget kjem klart fram. Ser ein isolert på bestandstala, så meiner underteikna at ein ikkje burde opna for jakt i nordområdet heller. Det er likevel slik at CWD-situasjonen ikkje tillet fredning på dette tidspunktet. Underteikna trur det vil vere direkte skadeleg for lokal forvaltning om ein ville foreslått dette. Med dette som bakteppe, meiner underteikna at ein må stille seg bak kvoteforslaget.

Gjentar noko om GPS-merking her også. Tilsvarende argumentasjon som for Hardangervidda.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret sender følgjane innspel til Setesdal Ryfylke villreinutval:

Røldal fjellstyre støttar avskytningsplanen til Setesdal Ryfylke villreinutval for 2025. Ser ein isolert sett på bestandstala, skulle fjellstyret ynskja at villreinen vart freda. Ut frå eit "CWD-perspektiv", så kan fjellstyret støtte eit moderat uttak av villrein i nordområdet også i 2025.

Røldal fjellstyre oppmodar villreinutvalet til å arbeide for at GPS-posisjonane til dei merka dyra vert skjult for ålmenta i sommarhalvåret. For bukkeflokkar er sjølv 14 dagars forseinking særslørørande for kvar dei befinn seg.

Referat:

Gjennomgang av saka slik den framkjem i saksutgreiinga.

Vedtak (sak 14/25):

Fjellstyret sender følgjane innspel til Setesdal Ryfylke villreinutval:

Røldal fjellstyre støttar avskytingsplanen til Setesdal Ryfylke villreinutval for 2025. Ser ein isolert sett på bestandstala, skulle fjellstyret ynskja at villreinen vart freda. Ut frå eit "CWD-perspektiv", så kan fjellstyret støtte eit moderat uttak av villrein i nordområdet også i 2025.

Røldal fjellstyre oppmodar villreinutvalet til å arbeide for at GPS-posisjonane til dei merka dyra vert skjult for ålmenta i sommarhalvåret. For bukkeflokkar er sjølv 14 dagars forseinking særslørørande for kvar dei befinn seg.